V6.

# HAREID KOMMUNE
**Rådmann**

# SAKSFRAMLEGG

| | | |
|---|---|---|
| Saksnr. 2016/1601 | Løpenr. 12189/2016 | Klassering 20160007 |
| Sakshandsamar: | Silja Øvrelid, Plan, utvikling, byggesak og geodata | |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| | Formannskapet | 15.12.2016 |

## OPPSTART AV DETALJREGULERING - HAREIDSMYRANE NORD 2

*/ 2016/1601*

**Tilråding frå rådmannen:**

Hareid Formannskap ber administrasjonen starte reguleringsarbeid i området Hareidsmyrane Nord, som skissert på vedlagt kart. Formålet med reguleringsarbeidet er å legge til rette for detaljhandel.

*Utskrift til: sakshandsamar for ekspedering*

**Vedlegg:**

| Nr. | Namn | |
|---|---|---|
| 1 | Kartskisse – plan | 13.12.2016 |
| 2 | Kartskisse – oversikt | 13.12.2016 |

**Samandrag av saka/Saksopplysningar:**
Administrasjonen v/ byggesaksavdelinga vart tidlegare i år konktakta av ein privat aktør som hadde ynskje om å etablere detaljhandel i området Hareidsmyrane Nord. Etter kvart kom det også fram at der eksisterer fleire aktuelle aktørar som også ønskjer å etablere ulike typar detaljhandel i området. Men, i dag opnar ikkje reguleringsplanane i området for denne type varehandel.

Administrasjonen ynskjer difor å lage ein ny reguleringsplan som opnar for denne type handel, og ikkje berre industri. Dette i tråd med kommuneplanen.

Intensjonen er at vegløysinga knytt til den regulerte rundkøyringa på Holstad skal vere slik den er regulert i dag, men at ein i ei viss grad opnar for endring av interne køyrevegar slik at dei passar formålet i størst mogleg grad.

Om ein legg til rette for dei private aktørane i området vil ein kunne få positive konsekvensar i form av opparbeiding av infrastruktur, då særleg vegløysingar. Enkelte aktørar har stilt seg positive til å bidra i opparbeiding av infrastruktur. Ein vil også kunne generere fleire arbeidsplassar og større attraktivitet og aktivitet i nær tilknyting til sentrum.

**Vurdering og konklusjon:**
Tenkte endringar i reguleringssituasjonen er i tråd med gjeldande kommuneplan. Ei opning for detaljhandel i dette området vil skape betre moglegheiter for Hareid kommune til å få realisert rundkøyringa på Holstad i eit økonomisk perspektiv men også i eit fysisk perspektiv. Rådmannen rår difor formannskapet til å stille seg positive til ein reguleringsplan som opnar for detaljhandel i Hareidsmyrane.

Folkehelse konsekvensar: Vert vurdert i plan.
Miljøkonsekvensar: Vert vurdert i plan.
Økonomiske konsekvensar: Oppstart av reguleringsarbeidet skjer med atterhald i at dei økonomiske midlane vert godkjent i handlingsprogram for 2017.
Beredskapsmessige konsekvensar: Vert vurdert i plan.

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Hareid, 13.12.2016

Ragnhild Velsvik Berge
rådmann

Kai-Rune Bjørke
Leiar


46/104
46/103
KS
kons. småhus
1.9 daa
BYA=35%
46/110
41/1245
41/339
41/613
41/884
41/2
46/101
46/57
41/228
41/866
41/1178
41/961
41/587
41/1298
46/1
47/10
47/15
45/2
N
Aktuelt område - Hareidsmyrane Nord 2
13.12.2016
Målestokk 1:2400
Hareid kommune




Aktuelt område - Hareidsmyrane Nord 2
13.12.2016
Målestokk 1:2400
Hareid kommune